



## REFERAT LAGLEIARMØTE MIDT-NORSK MESTERSKAP LANGRENN VALLDAL 2018

KLUBBHUSET VALLDAL IL  
FREDAG 2.2.2018 KL 20.30

Møteleiar: Per Jomar Nerli

Rennleiar ønskte velkomen til Valldal og Midt-norsk mesterskap i langrenn 2018

Jury: TD Ivar Øyen  
Løypesjef Jan Ole Fuglem  
Rennleiar Per Jomar Nerli

Vermelding:

Laurdag: minus 6 på morgonen, klarver. Litt stigande temperatur utover dagen

Søndag: litt høgare temperatur på søndag, lettskya ver.

Tidtaking – resultat

EMIT tidtaking. Ikkje brikkekontroll før start

Start; EMIT startklokke 5 sek nedtelling. Start uten startgrind, evt tjuvstart 15 sek tillegg. For sein til start, starttid vert i utgangspunkt brukt, men reell starttid vert notert.

Klassevis resultat oppslått på tavle på stadion så snart siste løpar i klasse er i mål.

Notert tidspunkt for oppslag og 15 minutt protestfrist.

Dessverre ingen mellomtider, p.g.a. problem med EMIT utstyr.

Leigebrikker må innleverast på laurdag, nye brikker vert levert ut att på søndag.

Arena

Infotavle midt på stadion, Ikkje stavkontroll, forventar løparar respekterar regelverk. Område start, runding og målgang. Publikumsområde. Eige område for oppsetting av smøretelt. Kafe/kiosk på klubbhuset. Garderober i kjellar.

Løyper

Stenger løyper 15 minutt før start. Løypa kan brukast fram til dette

Adkomst til løyper for leiarar, foreldre mv via vegar i området, sjå arenkart

Adgang til oppvarmingsspor over brua. På laurdag må løypetrase brukast. Løparar til eller frå oppvarming må vise hensyn til starta løparar i løypa. Vakter vil passe på Arrangør kan stenge denne tilkomsten dersom det vert problem. Tilkomst kan også brukast for lagleiarar/smørar, men må begrensaast så mykje som muleg.

På søndag er det fri adkomst til oppvarmingsspor.

I tur/retur trase vert det sett opp flagg for markering av delt trase. Det er ikkje ulovleg å krysse denne markeringa for passering av løpar, men må ikkje hindre motgåande.

Flagg meir sentrert enn i løype på fredag . Klassisk spor vert lagt i høgre side. Idealspor klassisk elles i traseen. Dobbeltspor klassisk etter passering ut av brua og til toppen. Ikkje sporsetting i ein del svingar  
I fristil vert det ikkje lagt spor, med unntak av delar av retur ned mot stadion.

Løyper vert preparert på sein kveld for neste dags løp, dette gjeld også oppvarmingsspor.

#### Stakefri sone

Om lag 50 meter er lagt til slakt terreng. Vurdert alternativ litt lenger ut i løypa, men den er kortare og brattare. Vert sett på som mindre eigna. Kommentar til vald sone er at for enkelte løparar kan det vere unaturleg å bruke diagonal teknikk. Burde vore lagt til brattare terreng. Fastsett på møtet å bruke sone som markert på fredag. Soner vert tydeleg markert med skilt og i snøen; vakter og kamera for kontroll. Leiarar vert oppmoda om god informasjon til løparar om sona.

#### Brua

Dette er ein flaskehals og eit kritisk punkt i klassisk. Difor berre brukt på laurdag. Løparar må ta hensyn, spesielt dei som er i oppvarming

180 grader sving i siste del av klassisk trase. Vert preparert litt annaleis på laurdag, vakt vert utplassert. Passe på is i svingen. Nett vert ikkje sett opp

#### TD

Har påpeika overfor arrangør om nødvendige tiltak i 180 grader sving. Må den beste vinne. Bed om at løparene tek omsyn til kvarandre.

Garderober på klubbhuset og i Martin Linge huset

Premieutdeling laurdag i kultursalen på Martin Linge huset kl 17.00 for 13-14 års klassene, kl 17.45 for 15-16 års klassene

Premieutdeling søndag på stadion så snart lister er offisielle

Startnummerutdeling for søndag i Martin Linge huset i samband med premieutdeling, i tillegg til utdeling på søndag morgon på rennkontor.

Arrangør ønsker alle deltakarar lukke til og håper løparar, leiarar og foreldre får ei fin helg i Valldal.